

NYHEITSBREV # 1 2017

Året starta med full aktivitet for NLT. Den 9. desember i fjor kom departementet med forslag om endringar i landbruksmeldinga. Dette skapa stort engasjement, både i vår eigen og i andre organisasjonar. Dagleg leiar og styret i NLT er i jamlege kontakt med politikarar i næringskomiteen og kontaktpersonar på landbruk i fleire parti på stortinget. Styret i NLT nyttar aktivt sine nettverk til å påverke der dei kan. Felles er at ein ynskjer å arbeida for best mogeleg velferdsordningar for bonden. Dette er og formidla i innspel til jordbruksforhandlingane enten direkte eller via lokale medlemslag.

AKTUELT

Norske Landbruksteneter sentralt har forhandla fram ein avtale med Sticos Personal. Der vi har teikna eit abonnement for våre medlemslag. Dette tilbyr vi som ein gratis medlemsfordel. Det er få som har meldt tilbake at dei ikkje ynskjer tilgang til Sticos Personal. Om kort tid vil ein kundekonsulent frå Sticos ta kontakt. Dei hjelper til med oppsett av brukarar for ditt firma. Kontaktperson når det gjeld spørsmål om Sticos Personal i NLT er Trude.

ADMINISTRASJONSHANDBOKA

Administrasjonshandboka er lansert og vi håpar de har nytte av denne. Den er under kontinuerleg arbeid og det er fortsatt ein del som står att å få på plass før den er heilt komplett. Kom gjerne med tips til oss i administrasjonen dersom det er noko du saknar eller meiner bør vere ein del av verktøyet. Ta då kontakt anten med Tor eller Trude.

WEBTEMP

Prosjektet med å innføre Webtemp som ei felles programvare i våre medlemsorganisasjonar starta opp i 2014 og arbeidet kjem til å fortsetja inn i 2017. Totalt er det no 24 medlemslag som nyttar Webtemp. På haustsamlinga i 2016 var det 14 lag som deltok på innføringskurset og skal ta i bruk programvara ved årsskiftet. Eit lag valde å trekkje seg frå prosjektet. Du kan lese meir om dette [her](#)

KURS/SAMLINGAR/MØTER

Kva har skjedd sidan sist nyheitsbrev? Både styret og vi i administrasjonen er engasjerte og deltek på kurs, samlingar og møter som vi vert invitert til å delta på. Januar, februar og mars er tre travle månader. Du kan lese meir om noko av det vi har delteke på [her](#)

MELDINGSVARSLING OM SMITTE

Ein del av Dykk har allereie fått kjennskap til e-postmeldingar frå Tine som omhandlar smittsam sjukdom blant husdyr. Dette er ein varslingsrutine som Tine med anna har til sine tankbilsjåførar. NLT har sagt seg villege til å ta i mot slike meldingar og sende dei vidare til det rette medlemslag. Dette kan gjera sitt til at medlemslaga sine avløysarar ikkje dreg med seg smitte frå ein besetning til ein anna. Sjølv sagt vil dette krevja at Dykk som mottok slike meldingar av oss, har rutinar for kva ein

skal gjera i slike tilfelle. Tine si melding til sine sjåførar er at eventuelle besøk vert lagt, om mogleg, som siste besøk for dagen. Denne rutinen kan med fordel vidareførast til avløyseren også.

ENDRINGAR I SØKNAD FOR PRODUKSJONSTILSKOT

Frå og med mai 2017 vil det skje endringar i korleis ein skal søke om produksjonstilskot og tilskot til avløysering ved ferie og fritid. Det vert to søknadsfristar og ei utbetaling i det nye produksjonstilskotsystemet. I 2017 er dato for søknadsfrist 15. mai med telledato 1. mai, og 15. oktober med telledato 1. oktober. Slik vi erfarer så vil det etter søknad verta sett eit tilskottsbeløp for ferie og fritid for eit halv år i gongen. Dette arbeidar vi med å få tilsendt elektronisk som før. Siste frist for å etterregistrere avløyserutgifter vil vera 10. januar i året etter.

Dette finn de meir informasjon om på landbruksdirektoratet sine heimesider, [her](#)

LANDBRUKSVIKARKURS I STJØRDAL - AVLYST

1. mars sendte vi ut invitasjon til Landbruksvikarkurs i Stjørdal den 28. og 29. mars. Dette var eit kurs der Innherred Landbrukstjenester og SNS-Nordenfjeldske sto som arrangørar. Kurset var ope for alle, men vi oppmoda spesielt landbruksvikarar som ikkje fekk kurs i 2016 om å melde seg på. Tilsaman 2 personar vart påmeldt forutan Innherred Landbrukstjenester sine 8 påmeldte. Dette vart i minste laget og kurset måtte diverre avlyst.

Dersom årsaka til at så få meldte seg på er at alle andre i landet, forutan dei 2 som meldte seg på, hadde kurs i 2016 så er det veldig bra. Diverre veit vi at det ikkje er slik og det er med andre ord fleire der ute som ikkje har fått kurs. Då er det skuffande at ikkje fleire nyttar høve når det vert tilrettelagd kurs. Som vi informerte om vert 75% av reisekostnadane refundert, så reisekostnadane burde ikkje vera noko hinder for å delta.

Nokon meiner sikkert at deira landbruksvikar(ar) kan det meste og treng ikkje kurs. Dei fleste landbruksvikarane kan nok det meste, men uansett så er det alltid bra med litt påfyll med kunnskap og ikkje minst er det kjekt for landbruksvikarane å treffast og ha det litt sosialt.

Vi prøver igjen seinare i år og då håpar vi at Dykk som gode arbeidsgjevarar sender dei tilsette på kurs 😊

KVA SKJER FRAMOVER

24. – 25. april Styremøte. Årets tredje styremøte skulle eigentleg haldast i vakre Rosendal. Grunna Generalforsamlinga til NHO Mat og Drikke, vart styremøtet flytta til Thon Hotel Opera i Oslo.

Vårsamling.

22. – 24. mai 2017 vert det vårsamling på Thon Hotel Oslo Airport. Invitasjon og påmelding vert sendt ut i løpet av veke16.

DIVERSE

Rapporteringsfrist til NLT for å unngå ekstra kontingent på kr. 7.500,- er 30. april. Kva og korleis ein skal rapportere finn du meir informasjon om [her](#).

Styret i NLT har gjort styrevedtak på at vi skal marknadsføra organisasjonen gjennom eit innstikk i Bondebladet. Det vil vera eit innstikk i vår og eit til hausten.